



Mannen på toppen er Ståle Eik!


Fredag klokka 17 vert Grano i Uskedalen tent, men allereie idag er denne vår unike jule-atraksjon gjort klår for ei ny økt med begeistring og beundring. Den faste gjengen som monterer ljosa gjorde jobben på rundt halvannen time og eldstemann Ståle Eik (70) opererte på høgste nivå slik han plar gjera. - Det er naturleg at han er høgast oppe som er eldst, sa Lars Myklebust som var på bakkenivå saman med Einar Gjertsen. I toppen var imidlertid også Knut Stensletten.



[Og på bakken finn vi Lars Myklebust og Einar Gjertsen](#)

Diskusjonen om kor høg den permanente julegrana vår er, kjem nok

også dette året, men vi kan avskjæra den ved å minna om at ho var 22 meter og 15 centimeter for 2 år sidan. Da hadde ho vakse 61 centimeter på 10 år og utifrå dette er det truleg at ho no målar rundt 22 meter oig 30 centimeter.



71 pærer vert montert på Uskedalens julesmykke

Ved den fyrste tenninga i 1963 var

ho berre 13 meter, No er grana truleg 112 år gamal, men då går vi ut ifrå at ho vart planta samstundes med at nyskulen vart reist. Den rutinerte gjengen som får ljosa på plass startar med montering av eit sikringsskåp ein bit oppe på stammen og så kjem stolpen med den lysande 'stjerna' heilt øverst.

Fase nummer 3 er monteringa av kjeder med ljøs og dei er det sju av slik at tilsaman 71 pærer skal stråla frå fredag og inn i 2015. Gjengen frå musikklaget som har ansvaret for grana har sjølv sagt eit beredskapslager med pærer for veret er ofte hardt på denne tida av året. Til dømes rauk det 200 pærer i 2004 - altså nesten 3 gonger så mange som var monterte!

Tekst. foto og nett: Ola Matti Mathisen